

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

**MØTEDATO:** 24.11.2022, kl. 10:05-13:50  
**MØTESTAD:** Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

---

### Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem (deltok digitalt)
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Mariann Hundsnes	Varamedlem tilsette
Eiliv Berdal	Observatør

### Forfall

Lena Thorsnes, styremedlem

### Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør  
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern  
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk  
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk  
Helge Robert Midtbø, direktør Drift og eigedom  
Øystein Helleseeth, økonomidirektør  
Asle Kjølraug, fagdirektør  
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør  
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef  
Berit Irene Haarklau, referent

### Andre deltakarar

Terje Olav Øen, beredskapssjef  
Marit Solheim, forskingsleiar  
Guro Mjanger, seksjonsleiar

## SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
064/2022	Godkjenning av innkalling og dagsorden
065/2022	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 27.10.2022
066/2022	Administrerande direktør si orientering
067/2022	Rapportering frå verksemda per oktober 2022
068/2022	Mål for tilstandsgrad for sjukehusbygga til Helse Førde
Saker til orientering:	
069/2022	Beredskapsarbeid i Helse Førde – handlingsplan 2022-2023
070/2022	Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde
071/2022	Budsjett 2023 - løypemelding
072/2022	Eventuelt Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

Styreseminar vart gjennomført før styremøte. Fellesmøte mellom styret og felles brukarutval var etter avslutta styremøte.

### **Sak 064/2022    Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Lena Thorsnes hadde meldt forfall
- Varamedlem Mariann Hundsnes var innkalla
- Reidar Sandal deltok digitalt
- Dokument utdelt: Hefte om forskning og innovasjon i Helse Førde

#### **Vedtak (samrøystes):**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### **Sak 065/2022    Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 27.10.2022**

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 27.10.2022.

## Sak 066/2022    **Administrerende direktør si orientering**

Adm. direktør Varden orienterte om nytt punkt 7: Lærdalstunnelen

Adm. direktør innleia med bilder frå:

- Statsminister Støre sitt besøk ved Førde BUP 22. november, der han hadde samtale med pasient og føresette, deretter møte med tilsette og tillitsvalde
- Samhandlingskonferansen, som hadde god deltaking frå kommunane
- Torgeir Finjord er første spesialist i akutt- og mottaksmedisin

### **1. Rapportering tilsynssaker**

Nestleiar Faugstad henviste til oppslag i Bergens Tidende 23. november vedr. tilsyn av ledelsen ved KK i Helse Bergen.

### **2. Oversikt over aktuelle høyringar**

### **3. Saker til oppfølging etter styremøte**

### **4. Orientering om evaluering prehospital plan**

Adm. direktør Varden orienterte om evaluering av prehospital plan. Det er planlagt møte med Bremanger kommune 7. desember. Det blir fremma styresak januar 2023.

### **5. Nye Førde sjukehus - løypemelding**

Adm. direktør Varden orienterte status Nye Førde sjukehus

- Framdrifta i prosjektet er god
- Dialogen med Veidekke er god, konsernsjef for Veidekke vitja prosjektet den 16. november
- Dei største risikoane i prosjektet er:
  - krigen i Ukraina med risiko for leveranseproblem
  - rokade og driftsforstyrning for operasjon ved samankopling
  - Helse Førde sine egne innkjøp av utstyr

Økonomirapportering i prosjektet er under omforming i høve til kostnadsindeks og revidert økonomisk langtidsplan.

### **6. Nasjonale kvalitetsindikatorar**

Fagdirektør Kjørlaug orienterte om nasjonale kvalitetsindikatorar første tertial 2022. Kvalitetsindikatorane er indirekte mål på kvalitet. Eks: Individuell plan med diagnose schizofreni i Psykisk helsevern.

- Direkte mål: Mål på helsehjelpa som blir ytt
- Indirekte mål: Mål på kvalitetsdimensjonen som indikatoren skal representere

I slutten av september blei resultatane av 39 nasjonale kvalitetsindikatorar for første tertial 2022 offentleggjort. Resultatane viser at Helse Førde var blant dei med høgst måloppnåing på 8 av indikatorene. Helse Førde var blant dei med lågast måloppnåing på 10 av indikatorene. Helse Førde hadde gjennomsnittleg måloppnåing på 21 av indikatorene.

Fagområde der vi har god måloppnåing:

- Redusert bruk av breispektra antibiotika
- Epikrisetid somatikk
- Gjennomført strålebehandling i pakkeforløp kreft
- Gjennomført første evaluering av behandling i PHV i pakkeforløp psykisk helsevern

Fagområde med forbettringspotensial

- PBU og TSB: indikatorar for behandlingsplan og evaluering
- PHV: indikator for epikrisetid ein dag
- PHV: andel vaksne med schizofreni som har fått individuell plan (0 prosent)
- Somatikk: Tverrfagleg funksjonsvurdering akutt hjerneslag innan sju dagar

## 7. Lærdalstunnelen

Adm. direktør Varden orienterte om status i prosessen for stenging av Lærdalstunnelen

- Presseoppslag om at vegvesenet planlegg å stenge Lærdalstunnelen i eit år. Vi har 15-20 tilsette som pendlar til Lærdal. Vi får utfordringar og må gjere konsekvensutgreiingar
- Møte med vegvesenet er planlagt 30. november

*Styreleiar Krakhellen stilte spørsmål om korleis Firda sin reportasjen om 24 timar i Førde sentralsjukehus har blitt mottatt innad og utad.*

*Kommunikasjonssjef Ulvedal orienterte om positive tilbakemeldingar.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek orienteringa til vitende.

## Sak 067/2022      Rapportering frå verksemda per oktober 2022

### Oppsummering:

#### *Administrerende direktør Varden innleia rapporteringa*

- Rapporteringa for oktober syner ei negativ utvikling frå føregåande månad
- Resultatet for oktober er minus 10,0 millionar kroner, og svakare enn det som var forventa
- Hovudårsaka til avvik frå budsjett er lågare aktivitet øyeblikkeleg hjelp, samt vesentleg høgare løns- og personalkostnader
- Vi har framleis lange ventetider og mange fristbrot
- Ventetid for ventande viser 81 dagar, som er ein nedgang frå førre månad
- Det er registrert 372 nye fristbrot i oktober, som er ein nedgang frå førre månad
- Vurderinga er at total ventetid innan somatikk er for høg, men at nødvendig prioritering blir gjennomført for å sikre eit forsvarleg totaltilbod
- Innan Psykisk helsevern er det ytterlegare betring knytt til redusert ventetid for barn og unge (38 dagar), medan det innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) som vanleg er god tilgjengelegheit
- Pasientflyten viser 21 prosent mindre øyeblikkeleg hjelp
- Samla sjukefråvær var 6,2 prosent i september, som er relativt lågt samanlikna med tidlegare år
- Til no i år er resultatet negativt 35,4 millionar, som er 60,4 millionar bak budsjett

#### Aktiviteten - overordna pasientflyt per september viser:

Nytilviste 5 856 (-14%)	Ventelistekø 7 723 (12%)	Totalkø 44 521 (5%)	Avslutta 5 484 (-6%)
----------------------------	-----------------------------	------------------------	-------------------------

#### *Fagdirektør Kjølraug orienterte om: Fag og kvalitet*

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden, viser: 75 dagar i somatikk, 34 dagar i PHV, 50dagar i PBU, 24 dagar i TSB
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt, viser at trenden held og er på veg nedover
- Fristbrot oppstått i perioden, viser 372 nye i oktober, ein reduksjon frå førre månad

Direkte timetildeling, andel som har fått direkte time viser 81 prosent

#### *Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet og økonomi*

Resultatet i oktober er minus 10,0 millionar kroner, som er 12,5 millionar kroner svakare enn budsjett. Aktiviteten er lågare enn budsjett.

Det er eit generelt mindreforbruk på varekostnader. Løns- og personalkostnader er i perioden 7,3 millionar høgare enn budsjett.

Resultatet hittil i år er minus 35,4 millionar kroner, som er 60,4 millionar bak budsjett. Samla meirforbruk knytt til løn- og personalkostnader er 53,4 millionar kroner så langt i år.

Status likviditet:

Per utgangen av oktober 2022 hadde Helse Førde eit trekk på kassekreditten med minus 26 millionar kroner. Helse Førde har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 473,5 millionar kroner som skal dekke pensjonsforpliktingar. Det blir meir fokus på likviditet framover.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per oktober 2022 til vitende.

## **Sak 068/2022 Mål for tilstandsgrad for sjukehusbygga til Helse Førde**

### **Oppsummering:**

I protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 10.01.2022 er det i pkt. 3.4.3 stilt fleire krav til bygg og vedlikehald. Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å:

- Fastsette mål for tilstandsgrad for sine sjukehusbygg
- Sikre at helseføretaka utarbeider verdibevarande vedlikehaldsplanar med bakgrunn i tilstandsregistreringa av bygningsmassen som vert gjort kvart fjerde år, slik at fastsette mål for tilstandsgrad blir nådde

Dette blei følgt opp i styringsdokumentet 2022 til helseføretaka, jf. punkt 6.5.2 «Bygg og vedlikehald mv».

Det blir rådd til at Helse Førde si målsetjing for den vekta aggregerte tilstandsgraden for helseføretaket sine sjukehusbygg ikkje skal vere dårlegare enn 1,2. Det blir også rådd til at Helse Førde har mål om at ingen bygningsdelar eller komponentar som inngår i målinga skal ha tilstandsgrad 3.

Det vil bli lagt fram eiga sak om korleis helseføretaket skal nå måla.

*Direktør Midtbø orienterte om vedlikehaldsplan bygg i Helse Førde – tilstandskrav*

- *Føringar frå føretaksmøte i Helse Vest RHF*
- *Vurdering av om bygga er eigna til dagens drift, mogelegheit for endra drift og teknisk tilstand*

- *Definisjon på tilstandsgrad*
- *Samla tilstandsgrad for Helse Førde viser 1,37*
- *Utviklingsgrad for Helse Førde frå 2010 til 2020*

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Helse Førde si målsetjing er at den vekta aggregerte tilstandsgraden for bygningsmassen ikkje skal vere dårlegare enn 1,2.
2. Helse Førde si målsetjing er at ingen bygningsdelar eller komponentar som inngår i målinga skal ha tilstandsgrad 3.
3. Styret ber om at det vert lagt fram sak i løpet av våren 2023 om korleis helseføretaket skal nå måla. Saka bør omtale:
  - noverande tilstandsgrad basert på siste kartlegging med informasjon om kva som er gjort etter denne kartlegginga.
  - planar for bygningsmassen, under dette kva bygg som skal nyttast til sjukehusdrift framover og såleis inngår i mål for tilstandsgrad.
  - plan for korleis helseføretaket gjennom systematisk arbeid, med delmål, kan nå målet for samla tilstandsgrad. Planen bør ha eit tidsperspektiv på 5-10 år.
  - korleis helseføretaket årleg vil rapportere på framdrift.

### Saker til orientering:

#### **Sak 069/2022      Beredskapsarbeid i Helse Førde – handlingsplan 2022-2023**

### **Oppsummering:**

Beredskapsarbeidet i Helse Førde vert utført i samsvar med førande oppdragsdokument, planar og lovreguleringar. Beredskapsarbeidet har vore knytt til handtering av pandemien og revisjon av planar.

- Krisa i Ukraina har i mindre grad påverka Helse Førde, men atomberedskapen har fått auka merksemd. CBRNE-beredskapen er under forbetring der ein no har fått på plass utstyr og skal setje i gang opplæring.
- Det er godt samarbeid internt i Helse Vest og ikkje minst med kommunesektoren.
- Faste og tilfeldige bordøvingar er gjennomført.
- Lokal beredskapsleiing i Lærdal og Nordfjordeid har hatt eit par table-top øvingar kvar. IKT-stab har faste øvingar kvar månad. Likeeins vert psykososialt støtteteteam øvd årleg.
- Brannøvingar vert gjennomført i samsvar med krav. Helse Førde nyttar VR briller til praktisk trening.

*Beredskapssjef Øen orienterte om beredkapsarbeid og handlingsplan*

- *Beredkapsarbeid oppsummert*
- *Aktivitetar*
- *Tiltak og vurderingar*
- *Satsingar 2022-2023*

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek orientering om beredkapsarbeid i Helse Førde til vitende.

## **Sak 070/2022    Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde**

**Oppsummering:**

Helse Førde har hatt ein disputas i haust. I tillegg har det vore arbeidd mykje med forskings- og innovasjonssøknader til Helse Vest og Norges forskingsråd, av dette fleire større søknader.

Det har hausten 2022 vore jobba mykje med kliniske studiar i Helse Førde. Nasjonalt har fleire forskingssenter for klinisk behandling blitt oppretta i løpet av året, og HFD deltek i nettverket til tre av desse sentra; innan kreft, nevrologi, samt revmatisme og muskel-skjelett.

Ved årsskiftet vert dei to tematiske forskingssatsingane Psykisk helse og rus (PHR), og Folkehelse, livsstil og overvekt (FLO) lagt ned, og ei ny felles satsing kalla Persontilpassa helsetenester (PERSONFORSK) vert etablert.

Planlegging av Helseinnovasjonskonferansen 2023 er godt i gang. Også komande år vert det ein digital konferanse som går over to halve dagar 1.-2. februar.

*Forskingsleiar Solheim og seksjonsleiar Mjanger orienterte om statusrapport forskning og innovasjon*

- *Satsing innan klinisk behandlingforskning*
- *Regional og lokal organisering*
- *f&i-magasinet: Motiverande trening etter hjerneslag*

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek orientering om forskings- og innovasjonsaktiviteten andre halvår 2022 til vitende.



## Sak 071/2022    Budsjet 2023 - løypemelding

### **Oppsummering:**

Budsjettprosessen til Helse Førde held framdrift etter planen. Alle klinikkane har utarbeidd sine budsjett gitt dei førebelse rammene som vart formidla ut tidlegare i haust. Det har blitt gjennomført drøftingar med tillitsvalde og verneombod i kvar klinikk. Tilbakemeldinga er at det har vore konstruktive og gode drøftingar. Det er ei felles forståing for tiltaka i budsjettet, men vi ser også at utfordringane er store for å tilpasse drifta til dei økonomiske rammevilkåra.

I førebelse rammer frå Helse Vest er Helse Førde tildelt ein auke i rammene på 42,3 millionar kroner. Det er venta at endelege rammer for helseføretaka skal handsamast i styret Helse Vest 7. desember 2022. Framlegg til budsjett 2023 vert presentert for styret i Helse Førde på møte 16. desember 2022.

*Adm. direktør Varden orienterte om prosessen med budsjett 2023.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret i Helse Førde HF tek sak om budsjett 2023 til vitende.

## Sak 072/2022    Eventuelt

Styreleiar Krakhellen orienterte om at styret si eigenevaluering blir utsendt, med svarfrist 04.12.2022.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

## **Skriv og meldingar**

### **Følgjande skriv og meldingar var utdelt i møtet:**

- F&i-magasinet om forskning og innovasjon i Helse Førde

Ref. Berit Irene Haarklau  
24.11.2022

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Mariann Hundsnes	Varamedlem tilsette